



Måløy Vekst
ved Martin Hagen

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:

Ingvild Andersen

E-post: Ingvild.Andersen@sfj.no

Tlf.:

Vår ref.

Sak nr.: 18/7448-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 14.08.2018

Svar - søknad om støtte til fiskeri- og havbrukskonferanse i Måløy

Vi syner til søknaden om tilskot på kr 200 000 til fiskeri- og havbrukskonferansen i Måløy 18. september.

Vi får frå tid til anna spørsmål om å støtte konferansar, og vi kan dessverre ikkje støtte alle. Retningslinjer for virkemiddelbruk vedteke av hovudutval for næring og kultur seier at ei støtte skal ha utløysande verknad. Vi ser i dette høvet at de allereie har sendt ut invitasjon og program. Vi tolkar dette dithen at konferansen vert halden uavhengig av fylkeskommunen sitt økonomiske bidrag, det vil seie at ei eventuell støtte ikkje har utløysande verknad. Vi yter som kjent midlar til påfyll av kommunale næringsfond. Når det i finansieringsplanen er ført opp kommunale midlar er det ikkje noko i vegen for at dette kan vere midlar frå kommunale næringsfond. Vi kan imidlertid ikkje støtte konferansen direkte, jf grunngjevinga ovanfor.

Vi har følgjande råd å gje med tanke på eit seinare høve

- Søkje gjennom regionalforvaltning.no, som er fylkeskommunen sin søkerportal
- Sende inn søknad på eit tidlegare tidspunkt

Vi syner elles til www.sfj.no der det ligg informasjon om våre søknadsordningar og dei retningslinene som gjeld for tildeling av midlar.

De har gjennom denne konferansen teke eit godt initiativ, men fylkeskommunen kan diverre ikkje støtte konferansen økonomisk.

Dette vedtaket kan klagast på, og de må i så fall sende ein klage til fylkeskommunen i løpet av tre veker etter at de har motteke dette brevet. Meir informasjon om retten til å klage:
<http://www.sfj.no/klage.357812.nn.html>

Med helsing

Endre Høgalmen
Assisterande fylkesdirektør for næring og kultur

Ingvild Andersen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift